

17.06.2009

I samspel med BrazzAbility.....



Sebastian, Marius, Vegard og Anders like før konserten på Sotra. (Foto: Thor Inge Døssland)

Dei tre unge musikarane Marius og Sebastian L. Torjusen og Vegard Døssland har alt fått oppleva mykje kjekt gjennom hobbyen sin. Sist søndag kunne dei føya ei ny flott oppleving på lista.
Då var dei på konsert på Sotra, og saman med skulekorpsdir. Anders Christensen spelte dei tre kvinnhersungdommane, og medlemmer av Sotra Vest skolekorps fleire nummer saman med den fantastiske gruppa BrazzAbility.

BrazzAbility spelar tøff og funky musikk med skikkeleg trøkk. På konserten spela dei musikk av James Morrison, barytonsaxofonisten i gruppa Michael Barnes frå Australia, og av The Youngblood Brassband. Pål Magne Austnes, velkjend i Kvinnherad frå Ungt Blod-konserten, er leiar av gruppa, og på trommesettet sit ein annan kjenning frå same konsert, Stian Villanger. Alle musikarane held profesjonelt nivå.

BrazzAbility var siste post på programmet under konserten. Etter at dei hadde begeistra publikum gjennom eit flott program, vart dei fire kvinnheringane saman med medlemmer i Sotra Vest skolekorps introdusert. I velkjende grøne Ungt Blod -t-skjorter vart våre representantar behørig presentert før dei tre siste nummera. Sebastian imponerte nok ein gong i tuba-duett saman med Pål Magne Austnes. Dei spela The Warrior Come Out. Desutan spela dei Get Out Away og Killing Me Softly. Fantastisk avslutning på ei konsertavdeling som vi er sikre på sit i veggane i Sotra kulturhus ei stund framover!

Tidlegare i konserten hadde konferansier Sturle Berntsen losa publikum gjennom ein flott konsert. Vertskapet presenterte svært høyverdig korpsmusikk. I tillegg fekk vi høyre imponerande klassisk solosong og godt framført standardjazz.

PS:

Vertene i Sotra Vest skolekorps spela stykket dei skal bruka i NM komande helg. Det er eit poeng at det var Partita av Edward Gregson, - stykket Uskedal Musikklag debuterte med i NM med i 1986. Vi ønskjer Sotra Vest lykke til, og føler oss sikre på at Partita gjev ei betre plassering no enn den gangen for vel 20 år sidan.

Av Thor Inge Døssland